


Oscar P. Stavaas, prest og misjonær.
(Ei feilkopling)



Her er eit handfarga flyfoto teke om lag 1960.

På heimlassen min synte far meg eit søkk i terrenget. Der hadde det eingong stått ei lita stue - nærast ein jordgamme. Der hadde det budd ei dame som heitte Maren. Han kalla plassen for Marenrommet. Da Trond Stavås i sin ungdom (ca. 1880 -1890) veita ut ei lintjønn og dyrka opp den ekra som ligg nedafor Marenrommet fekk nyekra namnet Marenekra (Marenækkro)

I folketeljinga frå 1865 finn vi ugifte Maren Olsd. F. 1815 som tenestetaus i Eidslia hos Ole Helgesen. I 1875 er Maren framleis knytta til Eidslia, da som "logerende, løspige som ernærer sig ved handel ved at spinde og binde, lever foruten af sin formue!" Far min (Haakon Stavaas) fortalte at Maren hadde ein son - truleg utanfor ekteskap. Denne sonen reiste til Amerika, og vart tilslutt prest. Her kan det hende at far tok feil, og at det var Maren sitt barnebarn som vart den store presten. Eg trur at denne informasjonen hadde kome til han frå Madagaskarmisjonsmiljøet - spesielt i Gravdalen. I Eidsgrenda kunne vi på 1950-talet mykje meir om Madagaskar med folkeslaga Gassere og Sakalaver enn vi kunne om Sverige.

Eg har no vore i kontakt med fleire av slekta til Oscar P. Stavaas.

DEI HAR IKKJE NAMNET FRÅ HEMNE MEN FRÅ SKIEN I TELEMAR.

I Misjonsbladet frå 1951 fann vi nyleg ein reportasje fra 80årsjubileet ved Ivory presteskole på Madagaskar. Der var det eit bilde av lærarane. Der ser vi ein Oscar P. Stavaas som sit på ein stol i fremste rekka. Han var sendt ut som misjonær frå Evangelical Lutheran Church of America. Dei har hjelpe oss mykje med informasjon frå arkivet sitt. Særleg takk til Joel Thoreson for god og snar hjelp.

UKENS VINDU



Presteskolens lærerpersonale ved 80-års jubileet.

Sittende fra venstre: Pastor Ramanoela (hovedfag: Praktisk teologi). Rev. O. P. Stavaas, de amerikanske misjoners representant i lærerkollegiet (hovedfag: Gamle og Nye Testamente). Pastor Rasimona (hovedfag: Kirkehistorie). Dr. teol. Erling Danbolt (hovedfag: Nye Testamente).

Stående fra venstre: Lærer Razanadrainibe (lærer i førebuingsskissene). Kand. Andriamandroso Edmond (lærer i førebuingsskissene). Pastor S. Razafimaheja (hovedfag: Gamle og Nye Testamente). Pastor Arne Moen, bestyrer (hovedfag: Dogmatikk). De fleste av lærerne gir også timer i klassene for elevkonene.

Presten Oscar Peter Stavaas vart fødd den 18. januar 1877 i Dalton, Ottertail county i Minnesota.

Han var son til Ole O. Stavaas og Martha P – fødd Viger.

Han gjekk på Northwestern College i Fergus Falls i Minnesota i åra 1905-08.

St. Olaf College Northfield Minnesota 1908-10

Han fortsette på U.C. Sem. (presteutdanning) 1910-13

15. juni 1913 vart han ordinert til prest.

Berre nokre dagar tidlegare, 3. juni 1913, hadde han gifta seg med Karen Mathea f. Johnson. Ho var fødd 1.november i 1890 i Fergus Falls Minnesota.

Han byrja prestetenesta si i Halma Minnesota. Der arbeidde han i 5 landsens kyrkjer i tida 1913-15. Dei neste to åra, 1915-17 arbeidde han i Thief Falls Minnesota kor det var ei bykyrkje og to landsens kyrkjer.

Så fylgde ei tid frå 1917 – 20 i Hillsboro i North Dakota med ei

bykyrkje og ei bygdekyrkje. Dei hadde no fått to døtre. Den eldste var Margareth Orris f. 17. juli 1915 og Sylvia Alice født 13. eller 30. januar 1917.

No ser det ut til at han kjende seg kalla til misjonsarbeidet, og 1920-21 finn vi han på L' Alliance Francaise, Paris Der lærte han fransk som var naudsynt for å kunne arbeide på Madagaskar.

Så arbeidde han som misjonær på Madagaskar heilt fram til 1939. Frå 1933 arbeidde kona , Karen, i lag med han. Ho er ført opp som husmor, søndagsskule og bibellærer. Om døtrene var med eller var att heime veit vi ikkje – enno. I tida 1935 –1937 var han superintendent.

Under andre verdskrigen arbeidde dei heime i USA.

Vi finn han som pastor i Vancouver i staten Washington på vestkysten fram til 1944.

I 1944 flytte dei til Ventura i California der han arbeidde som prest til 1945.

Dei måtte ha lika seg i Ventura som var ein småby nokre kilometer nordvest for Los Angeles.

I 1945 reiste han til Madagaskar att som misjonær. I åra 1948 til 1952 arbeidde han som professor ved Lutheran Theological Seminary. Det kjenner vi som Ivory presteskule nær hovudstaden Tananarive. Det er herifrå biletet kjem.

I 1952 kom han attende til USA. Det ser ut til at han hadde permisjon frå misjonsarbeidet i åra 1952-54 Etter det arbeidet han som "Teacher of mission and english bible" Ved Luther Seminary Saskatoon Canada fra 1954 til 1956. Saskatoon ligg om lag midt inne i Canada hundrevis av mil frå kysten.

Vi har grunn til å tru at dei flytta attende til Ventura i California etter lærartenesta i Canada. På arkivkortet hans som er utfyllt i 1961 gjev han opp adressa 307 S. Jordan Ave, Ventura, California.

Det er og oppgjeve at han arbeidde som vikarprest fleire gonger der.

Det ser ut til at han fekk pensjon frå 1.1.1954, men at han pensjonerte seg fyst i 1956 etter tida i Canada. 17. september i 1972 vart han enkemann da Karen døydde 82 år gamal. Sjølv levde Oscar til 9. januar 1977. Han vart gravlagt 14. jan. Adressa er framleis Ventura California.

Døtrene Margareth og Sylvia gifta seg.


I 1961 finn vi Margareth som fru H. W. Strong. Ho døydde 24. januar 1997 i Ventura.

Søstra Sylvia er i 1961 kalla fru S. A. Bjelde, men i 1977 finn vi eit kondolansbrev adressert til frk. Sylvia Stavaas.

Vi finn at det i dag (2006) bur ein James Bjelde på same adressa, så huset til pastoren er truleg i familien den dag i dag.

Eg skreiv brev og sende til James Bjelde på adressa i California, og etter berre eit par veker hadde eg svar på. e-post. Det syner seg at dotter til Oscar og Karen, Sylvia, framleis lever. Sonen hennar, Jim, var det som svara meg. Eg trudde han heitte James, men han skriv Jim. Eg set inn litt av det han skreiv:

I received your letter via post last week. Thanks so much, and please forgive me for not writing back sooner. I should be settling down at my age, but my life seems busier than ever! I am indeed Sylvia's son and the grandson of Oscar and Karen Stavaas. I moved into the Stavaas house in Ventura after their other daughter, Margaret, passed on in 1997. I have remained single since my divorce many years ago, and reside here alone.....



Til venstre ser vi eit foto av Oscar som truleg er teken I 1913 då han vart vigsla til prest.

Nedafor ser vi Sylvia Bjelde med sine tre born. Frå venstre ser vi:
Karen, Sylvia, Jim og Mary.



Til sist: Vi må seie at vi ikkje har handfaste prov på at Oscar er Maren sin soneson, men vi har bra grunn til å tru at det er slik. Leitinga etter gode prov held fram. Vi skulle gjerne ha visst meir om Maren. Vi finn lite spor etter ho. Kanskje Oscar vart sporet ho sette? Om ikkje så lever minnet om ho vidare i namnet på ekra. Mange let mindre etter seg enn det.

Eg har no vore i kontakt med fleire av slekta til Oscar P. Stavaas.

Vi veit no heilt sikkert:

DEI HAR IKKJE NAMNET FRÅ HEMNE MEN FRÅ SKIEN I TELEMAR.

-----00-----

Her ser vi arkivkortet til Oscar:

DIED January 9, 1977		CLERGY OF THE AMERICAN LUTHERAN CHURCH BIOGRAPHICAL RECORD				Code No. S-7376
Name	STAVAAS, O. P. (OSCAR P.)	EDUCATION				
Address	307 S. Jordan Ave., Ventura, Calif.	Colleges and Seminaries Attended	Dates	Degree Earned	Date	
		Northwestern Coll., Fergus Falls, Minn.	1905-08			
		St. Olaf Coll., Northfield, Minn.	1908-10			
		U.C.Sem.	1910-13			
		L'Alliance Francaise, Paris	1920-21			
		Grade Point Average at end of first quarter in third year				
		Ordination Date	June 15, 1913	Ordaining Body	UC	
RECORD OF SERVICE						
		Position	Location	Dates of Service		District
				Began	Terminated	
Birth Date	Jan. 18, 1887	Pastor	Halma, Minn. (5 rural churches)	1913	1915	
Birth Place	(Dalton) Otter Tail County, Minn.	"	Thief River Falls, Minn. (1 city, 2 rural)	1915	1917	
Height	5'6" Weight 150	"	Hillsboro, N. D. (1 city, 1 rural)	1917	1920	
Father's Name	Ole O. Stavaas (Deceased)	Missionary Home Mission	Madagascar	1920	1939	
Wife's Maiden Name	Karen Mathea Johnson	Pastor	Vancouver, Wash.	1940	1944	
		"	Ventura, Calif.	1944	1945	
Birth Date	Nov. 1, 1890	Missionary Furlough	Madagascar	1945	1952	
Birth Place	Fergus Falls, Minn.	Teacher of Missions and English Bible	Luther Seminary, Saskatoon, Sask. Can.	1954	1956	
When Married	June 3, 1913					
Names of Children and Year of Birth		RETIRED	(Pensions 1-1-54)	Retired	1956	SP
Margaret (Mrs. H.W.Strong)	F 7-17-15					
Sylvia (Mrs.S.A.Bjelde)	F 1-30-17	DIED January 19, 1977	RGR 1- ¹⁴ 77			
		(See reverse side)				
Other Appointments and Responsibilities						
Wife's Special Abilities	Housewife, Sunday School	Superintendent, Madagascar Mission 1935-37.				
Teacher, Bible Teacher		Professor at Lutheran Theological Seminary, 1948-52.				
Family Health	Has been excellent, considering everything	Have been supply pastor in California several times.				

1962

Rune H. Stavaas
Kyrksæterøra hausten 2006